

Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Vår saksbehandlar
Åshild Olaussen

Kopi til

Vår dato
14.01.2015

Vår referanse
DOK/2015/00057

Dykkar referanse
14/5053

Høyringsvar frå Unio til høyring - Framlegg til endringar i privatskulelova (ny friskulelov)

Unio syner til høyringsnotat frå Kunnskapsdepartementet av 17.10.2014 om framlegg til endringar i privatskulelova (ny friskulelov).

Generelle kommentarar

Unio ser ingen grunn til ei omfattande endring av privatskulelova. Vi kan ikkje sjå at departementet i høyringsbrevet kjem med ei tungtvegande grunngjeving for omfattande endringar. Tvert om er den overordna grunngjevinga at «flere aktører har vist interesse for» å etablere skular som fell utanfor dagens grunnlag.

Unio meiner at universelle velferdstenester bør drivast av det offentlege. Dette er den beste garantien for at samfunnet sine fellesverdiar vert nytta som føresett. Skulen, særleg grunnskulen, er den viktigaste fellesarenaen der barn og unge, og i forlenginga føresette, kan møtast på tvers av sosialgruppe, funksjonsevne, tru, livssyn, etnisitet og familiesamansetnad. I eit fleirkulturelt, globalisert samfunn er det avgjerande at denne fellesskapsarenaen vert nytta til å knyte band på tvers av skiljelinjer og til å utvikle gjensidig forståing og respekt for ulikskap. Skular med breie faglege og kulturelle elevfellesskap fremjar læring og styrkar best elevane sin identitet og utviklar best evnene deira til dialog, respekt og toleranse. Unio er derfor kritiske til ei lovendring som bygger ned heller enn å styrke fellesskolen.

Vi konstaterer at departementet opnar for private skular med stor fleksibilitet og fagleg og pedagogisk fridom samstundes som den offentlege skulen opplever eit strammare måle- og testregime. Visjonane om eit utvida pedagogisk skjønnsom departementet synest å ha for dei private skulane, kunne med fordel ha vore utvikla i den offentlege skulen.

Unio går mot ei endring av privatskulelova som vil opne for langt fleire private skular. Derimot vil Unio støtte einskildframlegg i høyringa om innskjerping av utbytteforbodet og reglar for å kunne gje karantene mm.

Kommentarar til dei einskilte forslaga

Namneendring

Unio går i mot departementet sitt framlegg om å erstatte privatskulelova med ei friskulelov.

Departementet meiner at omgrepet friskule vil «bidra til en ryddigere terminologi» i omtalen av private skular. Unio meiner friskule er eit ideologisk lada omgrep utan substansielt innhald. Vi tolkar dette som eit retorisk grep for å konstruere ufarlege omgrep rundt endringar i offentleg sektor. Språkbruken kan elles indikere at nokre (offentlege) skular faktisk er ufrie.

Grunnlag for godkjenning

Unio støttar framlegget om ny § 2-1 første ledd andre punktum: «Ein skole skal ikkje få godkjenning dersom etableringa vil medføre negative konsekvensar for det offentlege skoletilbodet eller andre særlege grunnar tilseier at skolen ikkje bør godkjennast». Unio finn framlegget positivt, men det avgjerande vil likevel vere kva slags skjønn styresmaktene utøver når den overordna målsetjinga er fleire private skular.

Unio støttar framlegget om å endre grunnlaget 'religiøst' til 'livssyn'. Omgrepet livssyn vil inkludere religiøst grunnlag, men også livssyn, til dømes verdslege livssyn. Departementet presiserer at «ikke ethvert livssyn» vil bli godkjent. Den europeiske menneskerettskonvensjonen vert sitert på at livssynet «må ha en viss styrke, seriøsitet, sammenheng og viktighet». Unio støttar at livssyn vert vurderingsgrunnlag, men meiner denne lovforståinga kunne ha vore lagt til grunn utan ei lovendring.

Unio går mot ei utviding av godkjenningsgrunnlaget til å omfatte vidaregåande opplæring i yrkesfag og profilskular.

Unio meiner det er svært uheldig om det no vert ei omfattande privatisering av yrkesopplæringa. Over tid, ikkje minst i samband med Meld. St. 20 (2012–2013) På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen, har det vore arbeidd systematisk for betre kvalitet og relevans i fag- og yrkesopplæringa. Det har vore jobba for betre samarbeid mellom skular og bedrifter, både på nasjonalt og lokalt nivå gjennom tre-partssamarbeidet. Unio meiner at vi på denne måten er på rett veg. Vi er sterkt uroa over arbeidslivet sitt eigarskap til fag- og yrkesopplæringa dersom ein no starter opp mange private tilbod, også i regi av opplæringskontor/bransjar e.l. Vi fryktar at bedriftene vil oppleve det som mindre forpliktande å ta i mot elevar, lærekandidatar og lærlingar. Vi vil også streke under at det faktisk er offentlege middel dei private tilboda skal drivast med. Vi meiner partsamarbeidet om fag- og yrkesopplæringa vil vere trua av ei privatisering av opplæringa.

Unio støttar ikkje framlegget om å utvide retten til såkalla profilskular. Mange offentlege vidaregåande skular er allereie i stor grad skular med ein klar profil, og det er ingenting i læreplanar eller organisering av den offentlege skulen som tilseier at ikkje dei offentlege skulane er dei som er best rusta for å vere såkalla

profilskular. Forskarliner og realfagsfordjuping har vore tilbod i mange år. Det er dei økonomiske rammene som i dag set avgrensingar for kva kommunar og fylkeskommunar kan tilby av profilering innan fagfordjuping og spesialisering.

Krav til verksemda til skulen

Unio støttar framlegget til lovendring om krav til verksemda i skulen. Departementet meiner dagens regelverk er uoversiktleg og treng presisering og klargjering mellom kva som er lovleg tilleggsverksemd og kva som fell utanom lova. Unio ser det som positivt at avgrensinga i eigarskap i selskap som driv næringsverksemd vert presisert i lovteksten. Erfaringar har likevel synt stor økonomisk kreativitet i sektoren og at kommersielle eigarskap fører til kommersielle skular trass i gjeldande lovtekst.

Framlegget inneber ei vidareføring av hovudprinsippet i lova med ei presisering om at også eigarskap i anna verksemd, ikkje berre drift av slik, er omfatta av forbodet i lova.

Departement gjer også framlegg om ein forskriftsheimel for å regulere tilleggsverksemd nært knytt til skuleverksemda og at skulen må dokumentere at kjøp av varer eller tenester frå eigar eller andre nærstående er gjort på ordinære marknadsvilkår. Framlegget inneber ein forskriftsheimel om innsyn i rekneskapen til private skular, tilgjenge til dokumentasjon utan hinder av teieplikta og at skulane ikkje kan drive i strid med formålet til lova, i tillegg til å oppfylle grunnlaget for godkjenning.

Karantene, Kompetansekrav, minste elevtal og vgo i kombinasjon med toppidrett

Unio støttar framlegget til lovendring som inneber at tilsynsmynden kan gje karantene på to år til personar og selskap som har synt manglande vilje og evne til å følgje regelverket.

Unio støttar framlegget om ein forskriftsheimel med høve til å fastsetje krav om tilleggskompetanse for den einskilde lærar og/eller verksemda som heilskap for også andre skular enn dei som er godkjente på grunnlag av anerkjent pedagogisk retning.

Unio støttar framlegget om lovendring som inneber å auke minste elevtal frå 15 til 30 elevar. Vi legg til grunn at det vert opna for unnatak og overgangsordningar.

Unio støttar framlegget til lovendring som inneber at toppidrettsgymnasa kan godkjennast etter to ulike modellar for godkjenning av årstimetal.

Godkjenning og tilskot til IB-skular

Unio er kritisk til framlegget og støttar ikkje ei lovendring.

Dersom vi ønskjer at alle elevar skal ha lik rett til å søkje IB-tilbod, bør det førebuande året vere eit tilbod på Vg1 i vidaregåande opplæring. Det er berre eit fåtal kommunar som vil ha høve til å tilby eit ellefte år etter IBO sin modell. Dersom privatskular på grunnskulenivå får godkjenning for eit ellefte år, vil dette

svekke mulegheita for tilsvarande tilbod på Vg1. Det inneber i så fall at søkjarar frå dei fleste kommunane i eit fylke ikkje vil kunne søkje IB-linje fordi dei ikkje har tilbod om det ellefte året.

Statstilskot til kompletterande undervisning

Unio støttar ikkje framlegget til lovendring som inneber at det ikkje lenger blir høve til å gje statstilskot til kompletterande undervisning for elevar som går på utanlandske eller internasjonale grunnskular i Noreg.

Frå eit integrerings- og likeverdsperspektiv meiner vi dette er viktig opplæring å ivareta for alle som er elevar i Noreg, og bortfall av støtte knytt til slik kompletterande undervisning kan medverke til å svekke arbeidet med integrering.

Valfag på ungdomssteget

Unio støttar ikkje framlegget til lovendring som inneber at timane til valfag på ungdomssteget kan nyttast til eigne fag slik at skulen sitt grunnlag vert styrka.

Unio meiner at det er tilstrekkeleg fleksibilitet og handlingsrom i dagens lov til at skulane kan utvikle sin faglege profil. Vi meiner at kravet til kvalitativ jamgod opplæring vanskeleg kan oppfyllest dersom timane i valfag vert nytta til andre fag. Vi meiner elles at framlegget vil vere eit sterkt signal om at valfaga er uviktige fag som kan nyttast som saldering for andre omsyn.

Unio vil vidare vise til eit meir fyldig høyringssvar frå vårt medlemsforbund, Utdanningsforbundet.

Beste helsing

Unio



Ingjerd Hovdenakk
sekretariatssjef



Åshild Olaussen
fagsjef